

# Årsmelding 2009

## Kulturminneåret 2009

har vore markert med mange og omfattande arrangement, dette har vore eit samarbeid mellom Vågå kommune, turlaget og historielaget. Kjell Voldheim har halde foredrag om klebberdrifta på Bårstad, Ivar Teigum om Sundeskrivaren, Kirsti Krekling om gamle klede og Trond Ole Haug om dialekt og stadnamn. Det har vore fleire historiske turar og vandringar: Eirik Haugen i Skårvangen, Terje Kleiven i Tolstadkvernberget, John Rustad og Ola Grøsland frå kyrkja via Prestgarden til Jutulheimen, Mathias Øvsteng til Gravdalen, Jan Stokstad til fangstanlegget i Sjodalen/Veolia og Kjersti Tidemansen og Sjur Sande i Heimdalens.

Det er inngått samarbeid med Kulturhistorisk museum om attendelån av oldsaker som er funne i Vågå, dette er utstilt i Jutulheimen og opninga vart markert med taler av ordførar og representant frå Kulturhistorisk museum. Eit av funna historielaget hadde ønske om vart med var "Rydlandfunnet", og Sigurd Ryen på Rydland var til stades ved utstillingsopninga som representant for dei som har funne og levert inn oldsaker.

Ellers har det vore utstillingar i Prestgarden der bygdakvinnelaget stilte ut klede som historielaget har, og husflidslaget viste handarbeidsteknikkar, kameraklubben hadde gamle biletar og vidare var det kart over vatningsveiter, kart med stadnamn, gamle skinnbrev frå uppigard Kvarberg og skifte etter Sundeskrivaren. Eitt av kulturminneår-arrangementa var seminar om kulturlandskap og div. arrangement i Nordherad, der stod historielaget for utstilling av maleri frå Nordherad. Som ein del av kulturminneåret vart det arbeidd for at dei som går i grunnskulen får sjå bygdamuseet og samlingane, dette resulterte i at mange skuleklasser kom til Jutulheimen og fekk omvisning.

## Jutulheimen

Gudbrandsdalsmusea as står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag har arbeidd for at Gudbrandsdalsmusea as skal vera ein desentralisert organisasjon med tilstadeverande representantar ved dei ulike musea, og frå 2010 blir det museumskonsulent lokalisert i Vågå. Historielaget har arbeidd for større bruk av Jutulheimen og for at fleire skal få sjå samlinga, oldsakutstilling og skulebesøk som nemnd over er resultat av dette. Det har også vore fokus på Jo Gjende-utstillinga. Historielaget har stått for ein del omvisning, seinast i samband med

julemarknad. Åse Stade har gjeve duk med sprangteknikk til Sundestugu. Med sikte på seinare restaurering har det vore dugnad med å måke torva av grishuset og rydde jord frå torvhaldarar både på tørrstugu og scenehuset. Kvernhuset og eit lite stabbur er lagt opp i lunne og tekt med bølgeblikk m.m.

### **Prestgarden**

I samband med at hovudbygningen vart brukt til utstillingar, har det vore reparering av røyroppelegg og skifting av toilet. Paktarbustaden er bortleid som bustad medan låven, aurbua og del av fjoset er bortleid som lager. Med tilskot frå fylkeskommuna og Stiftelsen UNI har det i året vore restaurering av stabburet og aurbua. Det er skifta torvhaldarar og lagt papp-duk på stabburstaket medan panelen på klokketårnet er utskifta. Under laftene på aurbua er det utgrave masse og bruk isolasjon og pukk. Store laftsteinar over dette og planering med helling frå huset gjer at det bør stå betre. Huset er oppjekka slik at det ikkje lenger står nede i jorda, og det er ny mur under heile huset.

### **Laget ellers**

Frå årsmøtet 6. mars 2009 har styre vore dette:

Knut Raastad styreleiar

Dag Aasheim nestleiar

Reidun Sønstelien, Håkon Ulsand og Arne Strand styremedlemmar

Bjula Ulsletten, Even Luseter og Jonny Brenden varamedlemmar

Det har i året vore fem styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 440 medlemmar.

God oppslutning om frivillig medlemskontingent gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet lagt ut for salg. Historielaget hadde kveldsseto i mars der Even Luseter hadde foredrag om Knut Hamsun. I september vart kulturminneden markert med tur frå Holongsøien til Rusten med Bjula Ulsletten som turleiar. Historielaget kostar pynting av gravene til Jo Gjende, Ivar Kleiven og Trond Eklestuen, og har også stått for å få opp att gravsteinen til Jo Gjende. Vågå Historielag har gjeve bidrag til monument over Anders Sandvig på Maihaugen. Ellers er historielaget i gang med innsamling av historiske opplysningar om setrene i Vågå.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2009.